

Referat frå SU-møte 4. desember 2023 kl. 18-20 på Knappskog skule.

Frammøtte: Katrine Abelsen (SFO-leiar), Inga Grøm (teamleiar mellomtrinn), Lisa Skutle (teamleiar småtrinn), Linnea MS (elevrådsleiar), Linnea F. (sekretær i elevrådet) og Solfrid Kleiven (rektor).

Fråvær: Elna Nybakk (politisk representant) og Sarah Rigstad (FAU-leiar) og Are Gaasland (FAU-representant).

Vi valde å gjennomføre møtet på tross av stort fråvær sidan dette blei meldt så seint.

1. Referat og innkalling blei godkjend.

2. Trygt og godt skulemiljø

Rektor informerte om ny standard for tilsyn i friminutt, som er utarbeida av dei tilsette på skulen, og om ny inspeksjons-/ tilsynsplan med ekstra vakter ute. Vi har eit stor uteområde og vi har derfor nokre vakter som går mellom dei ulike områda i tillegg til dei vaktene som er fast på ein stad.

3. Skulemiljø og trivsel; Advent og jul på Knappskog skule

SFO: Det blir samling med gledingnisse og julekalendar og det blir aktiviteter og baking på kvart trinn. Den 15. desember blir det SFO-julebord i gymsalen der 7. trinn skal hjelpe til.

Skulen: Det blir daglege adventsamlingar i kvar klasse, aktivetskalender på mellomtrinnet og gledingkalendar for dei minste. Det blir aldersblanda juleverkstad for dei yngste og trinnvise juleverkstadar på mellomsteget. Det vil bli øvd til julefestar, julepregang og julesamsong. Den 13. desember markerer vi Lucia-dagen med prosesjon, song og utdeling av lussekattar frå 1. trinn. Skulegudstenesta blir i allrommet på skulen i år pga. byggearbeid på Fjell kyrkje. Dei føresette må samtykke digitalt og vi etterspør hos dei som ikkje har teke eit aktivt standpunkt. Vi har eit kjekt alternativt opplegg for dei som ikkje skal delta på skulegudstenesta.

FAU har dekorert skulen med flotte julelystrær og delt ut peparkaker og clementiner ein morgon. Dei har hengt opp to gledingnissar, FAU-lus og FAU-line, på gledingveggen vår utanfor administrasjonen og dei har spandert peparkakedeig på alle klassetrinna på skulen.

Desember er ein fin månad, men kan og vere krevjande for ein del elevar som treng meir struktur og føreseielege dagar. Dette er viktig at vi planlegg godt for så alle får gode dagar.

4. Skulemiljø; Vald og truslar

Rektor informerte om at skulen har arbeidd med og føl kommunen sin plan:

[Handlingsplan mot vald og truslar i skulen \(002\) \(002\) \(2\).pdf](#)

Vi har ein del elevar som av ulike årsaker har det vanskeleg og som treng at vi arbeider godt med å førebyggje at valdelege hendingar skjer. Vi sikrar at ingen vaksne skal stå aleine i vanskelege situasjonar og leiarane er tett på for å avhjelpe. Vi hadde ei felles skulering av dei tilsette i oppstarten av skuleåret. Det er registrert færre avvik i haust enn vi hadde i vår.

5. Skulen sitt ordensreglement skal reviderast.

Vi treng å starte arbeidet med å sjå på ordensreglementet i dei ulike rådsorgana til skulen. Det kjem ei ny opplæringslov som skal gjelde frå hausten, men det er likevel lurt å starte arbeidet. Vi ber FAU om å sjå på reglementet som føreligg:

[Ordensreglement - Knappskog skule \(oygarden.kommune.no\)](https://oygarden.kommune.no/ordensreglement-knappskog-skule)

Vi tek opp saka i nytt møte når fleire er med.

6. Førebud velkomst av nye politiske representantar i SU/ SMU.

Skulen har fått tildelt nye representantar: Kristin Brennaug (KrF) og vara Andreas Ormevik (MDG). Dei blir inviterte til neste møte som er i januar.

Vi diskuterte korleis vi ville presentere skulen vår i neste møte, og blei samde om at elevrådet skulle få denne oppgåva. Dei ville gjerne lage ein presentasjon.

Vi hadde kjøpt ein juleblome til Elna Nybakk som takk for hennar innsats i SU/ SMU. Linnea F. ville ta med blomen og levere den heime hos Elna og helse frå oss alle.

7. Neste møte blir tysdag 16. januar 2024 kl. 18-20.

8. Eventuelt:

Elevrådsrepresentantene spurte om vi på skulen kunne vurdere inne-friminutt når det er stygt vær.

Referent: Solfrid Kleiven, rektor